

Revidert oktober 2012



Delegeringsreglement Masfjorden kommune

Vedteke i kommunestyret den 30.10.2012 som sak 98/12

FORORD:

Noverande delegeringsreglement, vart vedteke i kommunestyret den 23. september 2008. Tanken er at delegeringsreglementet vert rullert og vedteke tidleg i ny Kommunestyreperiode, og rullering/revidering av reglementet frå 2008 inneber store endringar – grunna endringar i utval og lover/føresegner.

Politisk vedtek ein kap. I til III i reglementet, medan kap. IV syner rådmannen si vidaredelegering av kap. III pkt. G.

Masfjorden kommune får med dette delegeringsreglement synleggjort kva for arbeidsfordeling og formelle vedtaksmynde som gjeld for folkevalte organ og administrasjon.

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunelova §6 viser at det i hovudsak er kommunestyret som har mynde til å fatte vedtak på vegne av kommunen. Samtidig gjev kommunelova også tilgang til å delegere mynde slik at ein kan få ei tenleg og praktisk fordeling. Å delegere vil ikkje seie at ein gjev frå seg noko av sitt mynde, men at ein på visse vilkår gjev andre mynde til å gjere vedtak på eigne vegne. Kommunestyret vil då kunne arbeide strategisk med mål, ressursfordeling, retningslinjer og planverk, medan administrasjonen forvaltar etter lov- og regelverk, retningslinjer og kommunale planar.

Nytt delegeringsreglement legg til rette for ei fordeling av oppgåver, ansvar og mynde som fører til utvikling og gode resultat for kommunen.

Masfjordnes, 17. oktober 2012

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Innhald:

I. LOVHEIMLAR FOR DELEGERING I KOMMUNELOVA	s. 6
II. GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT	s. 8
III.MYNDE TIL KOMMUNESTYRET	
A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv	s. 9
B. Delegering til formannskapet	s. 10
C. Delegering til teknisk utval	s. 12
D. Delegering til ordførar	s. 13
E. Delegering til administrasjonsutalet	s. 14
F. Andre råd	s. 15
G. Delegering til rådmannen	s. 16
IV.OVERSIKT MYNDE/DELEGERT MYNDE I HØVE TIL SAKSTYPE OG LOV	
A. Forklaringar	s. 19
B. Økonomi	s. 19
C. Andre saker	s. 21
D. Personalsaker og løn	s. 22
E. Delegering etter særlover	s. 22
1. Vallova	s. 22
2. Alkoholova	s. 22
3. Lov om serveringsstader	s. 23
4. Lov om handelsverksemd	s. 23
5. Lov om opningstider	s. 23
6. Opplæringslova	s. 23
7. Barnehagelova	s. 24
8. Helse- og omsorgtenestelova	s. 24
9. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga	s. 25
10. Folkehelselova	s. 25
11. Barnelova	s. 26
12. Røykelova	s. 26
13. Landbruk	s. 26
14. Konesjonslova	s. 27
15. Jordlova	s. 27
16. Forpaktingslova	s. 27
17. Odelslova	s. 27

18. Skoglova	s. 27
19. Viltlova	s. 27
20. Lov om laks- og innlandsfisk	s. 28
21. Lov om motorferdsel i utmark	s. 28
22. Plan- og bygningslov	s. 28
23. Forureiningslov	s. 28
24. Lov om eigedomsregistreing (Matrikkellova)	s. 29
25. Lov om eigarseksjonar	s. 29
26. Lov om stadnamn	s. 29
27. Friluftsløva	s. 29
28. Brann- og eksplosjonsvernlova	s. 30
29. Veglova	s. 30
30. Vegtrafikklova	s. 30
31. Lov om kommunale vass- og kloakkgebyr	s. 30
32. Lov om hamner og farvatn	s. 31
33. Lov om kyrkjegardar, Kremasjon og gravferd	s. 31

I LOVHEIMLAR FOR DELEGERING I KOMMUNELOVA

§6 Kommunestyre

Kommunestyre er det øvste organ, og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

§8 Formannskap

3. Formannskapet handsamar forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. For øvrig fastset kommunestyret sjølv område for formannskapet. Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker der anna ikkje følgjer av lov.

§9 Ordførar - Varaordførar

Kommunestyret kan gje ordførar og varaordførar mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i sakstypar som ikkje er av prinsipiell karakter.

§10 Faste utval - Komitear

Kommunestyret kan sjølv opprette faste utval for kommunale formål eller for delar av den kommunale verksemda. Slike utval skal ha minst 3 medlemmer.

Kommunestyret fastset sjølv område for dei faste utvala. Slike utval kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker av prinsipiell karakter dersom ikkje kommunestyret har vedteke noko anna.

Utvalet kan gje leiaren eller eit arbeidsutval mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i sakstypar som ikkje er av prinsipiell karakter dersom ikkje kommunestyret har vedteke noko anna.

Kommunestyret kan opprette komitear til for å førebu handsaming av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan også verte tildelt mynde til å avgjerde enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteens oppdrag.

§11 Styre for bedrifter, institusjonar o. l.

Kommunestyret kan sjølv opprette eigne styre for kommunale bedrifter, institusjonar o.l. Slike styre skal ha minst 3 medlemmer. Et slikt styre vert tildelt mynde til å treffe vedtak som gjeld verksemda si drift og organisering.

§13 Utvida mynde i hastesaker

Kommunestyret kan sjølv vedta at formannskapet eller eit fast utval, skal ha mynde til å treffe vedtak i saker når det er naudsynt å gjere vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle rette vedtaksorgan.

Melding om vedtak i medhald av denne paragrafen vert lagt føre vedkommande organ i neste møte.

§23 Administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde

Kommunalt folkevalte organ kan gje administrasjonssjefen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i sakstypar som ikkje er av prinsipiell karakter dersom ikkje kommunestyret har vedteke noko anna.

§24 Kommunale stillingar

Kommunestyret kan tildele formannskapet, utval, styre eller administrasjonssjefen mynde til å opprette og nedlegge stillingar og til å treffe vedtak i personalsaker.

§25 Partsamansette utval - administrasjonsutval.

Det skal i alle kommunar vere oppretta eit eller fleire partsamansette utval - administrasjonsutval - for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, med mindre partane avtaler at slike saker vert handsama på anna måte.

For øvrig gjeld dei same vedtektene som for andre faste utval.

(Vedtektene inneberer at den relativt vide delegeringstilgongen til faste utval etter §10 nr. 2 anna punktum vil gjelde innanfor den ramme som er trekt opp for administrasjonsutvalet i §25 nr. 1).

II GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT

Retningsliner for utøving av fullmakt

All delegert fullmakt skal verte brukt i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjeve av overordna organ, og innanfor budsjetttrammene og føresetnadene.

Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker

Eit overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

Rett til å la vera å gjera bruk av delegert fullmakt i særlege høve

Den som har fått delegert mynde, kan overlate til det overordna organet å gjere vedtak i spesielle saker.

Ingen må nytte delegert fullmakt til å gjere vedtak som er i strid med delegerande myndigheit sitt syn.

Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan på eige initiativ gjere om eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med forvaltningslova §35. I saker der parten/-ane ikkje har klagetilgang på enkeltvedtak, må ei slik omgjerung ikkje finne stad etter at vedtaket formelt er gjort kjent for parten/-ane.

Mindretalsanke

I saker der utvalet har fått delegert vedtaksmynde frå kommunestyret/formannskapet, kan tre medlemmer, ordføraren eller rådmannen, krevje saka lagt fram for formannskapet/ kommunestyret. Slike krav må setjast fram i møtet, og det skal verte ført inn i protokollen.

Partar sin klagetilgang

Partar og andre med rettsleg klageinteresse har rett til å få vedtak overprøvd av klagenemnda i samsvar med reglane i forvaltningslova og særlover. Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova.

Særreglar for budsjettfullmakter

Kommunen sitt økonomireglement viser fullmakter og sakshandsamingsreglar.

III MYNDE TIL KOMMUNESTYRET

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunestyret skal på grunnlag av prinsipp og temadebattar velje satsingsområde og prioritere tiltak.

A Saker kommunestyret avgjerd sjølv

Kommunestyret avgjerd alle saker der kommunestyret ikkje har delegert vedtaksmynde til andre organ.

- Saker om val til faste kommunale utval og elles andre utval når myndet ikkje er lagt til andre
- Saker om reglement for kommunale politiske organ og om delegering av mynde til desse
- Saker om delegering av mynde til faste kommunale utval, styre eller råd for kommunal bedrift eller til interkommunalt styre for verksemd som er sett til å løyse kommunale oppgåver. I samband med førehaving av årsmeldinga vert delegert mynde evaluert
- Kjøp, sal, makebyte, feste eller pantsetjing av fast eigedom og saker om å fråskrive seg eller borthefte rettar i fast eigedom der verdien overstig kr 1 200 000,-
- Konesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller servituttar som anten vil binde kommunen for lengre tid enn fem år eller er av større økonomisk interesse for kommunen
- Nye tiltak, tenester eller vesentleg utviding av eksisterande tiltak og tenester
- Ta opp nye lån
- Fastsetje betalingssatsar for kommunale varer og tenester
- Vedta personalplan, opprette eller inndra kommunale stillingsheimlar
- Personalpolitiske reglementet og retningslinjer
- Tilsetje rådmann
- Langtidsplanar, kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett, reguleringsplanar, sektorplanar og andre planar av overordna karakter
- Årsmelding og rekneskap
- Vedtak etter lov om helsetenesta i kommunane av 19.11.82 nr. 66 §§4a– 4 fjerde ledd, 4a-10 og 4a-11
- Saker om arbeidsvilkår og godtgjersle for kommunale tillitsverv
- Eventuelle andre saker der lovverket krev det, eller saka sin karakter gjer det naturleg at kommunestyret gjer vedtak
- Saker som er sendt til kommunen til høyring/uttale frå statleg, fylkeskommunalt eller interkommunalt organ, og som kan få vesentleg innverknad for kommunal organisering, økonomi og drift

B Delegering til formannskapet

I medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992 (kommunelova) §8 delegerer kommunestyret til formannskapet å gjere vedtak i alle saker som det etter same lov er høve til å delegere til formannskapet, og som kommunestyret ikkje har vedteke å delegere til andre organ eller rådmannen.

Formannskapet er økonomiutval

Personalsaker

Formannskapet har ansvar for arbeidsgjevarfunksjonen, og formannskapet er saman med dei tilsette sine representantar administrasjonsutvalet.

Personalreglementet viser fullmakter i personalsaker. Formannskapet har fullmakt til å handsame eventuelle andre saker, herunder å godkjenne resultatet frå lokale lønsforhandlingar.

Formannskapet forhandlar om endring i løns- og arbeidsvilkår for rådmannen.

Konsesjonslova av 28.11.2003 nr 98

Kommunestyret sitt mynde til å avgjerde søknader om konsesjon etter §2 andre ledd jamfør §5 tredje ledd, vert delegert til formannskapet. Kommunestyret sitt mynde etter §11 jamfør §21 andre ledd om kommunal forkjøpsrett til eigedom, vert delegert til formannskapet.

Lov om samferdsel av 4. juni 1976 nr. 63

Formannskapet uttaler seg på vegne av kommunen i alle saker som gjeld kollektivtrafikk og løyvesaker

Gje uttale på vegne av kommunen

Formannskapet får fullmakt til å gje uttale på vegne av kommunen i alle saker som ikkje har større politisk verknad og der det på grunn av tidsfristar ikkje er høve til å leggje saka fram for kommunestyret.

Vedtak i hastesaker

I medhald av kommunelova §13 får formannskapet fullmakt til å avgjerde saker som skulle vore gjort av anna utval når det er naudsynt å gjere vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn rette utval. Melding om vedtak etter §13 vert meldt utvalet det gjeld ved første møte.

Klagenemnd

Formannskapet er oppretta som klagenemnd av kommunestyret etter forvaltningslova §28 andre ledd. Klagenemnda handsamar klager på enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova.

Vidaredelegering av formannskapet sin mynde

Formannskapet kan gje rådmannen mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i sakstypar som ikkje er av politisk eller prinsipiell karakter.

C Delegering til teknisk utval

Teknisk utval er oppretta med verknad frå 01.11.2012.

I medhald av §10 i Lov om kommunar og fylkeskommunar delegerer Masfjorden kommunestyre følgjande saker til teknisk utval (TU)

- bygge- og delesaker
- private reguleringsplanar
- landbrukssaker, herunder konsesjonssaker
- saker etter lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova)
- miljø og forureining
- saker vedk. vilt og fisk

D Delegering til ordfører

Ordføreren er rettsleg representant for kommunen og underskriv på vegne av kommunen i alle tilhøve der fullmakta ikkje er tildelt andre.

Ordføreren har møte- og talerett i alle kommunale organ, men har berre røyste- og framleggsrett der ordføreren er valt til medlem av utvalet. Ordføreren kan la seg representere ved eit anna medlem av kommunestyret i organ der ordføreren ikkje er medlem

Ordføreren har ikkje utanfor politiske organ høve til å avgjerde saker av prinsipiell eller politisk karakter. I medhald av kommunelova §9 nr. 5 får ordføreren fullmakt til å gjere vedtak i desse enkeltsakene som ikkje har prinsipiell karakter.

- Kurrante saker som måtte oppstå i formannskapet sin ferie og som krev eit raskt vedtak. Vedtaket vert referert i første formannskapsmøtet etter ferien

Ymse søknader:

- Innanfor godkjent budsjett får ordføreren fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsøknader om tilskot til ulike tiltak med inntil kr 10 000,- pr år
- Søknader frå humanitære organisasjonar når det ikkje er avsett budsjettpost

E Delegering til administrasjonsutvalet

Val og samansetting (kommunelova §25)

Utvalet er samansett av sju medlemmer med varamedlemmer, der fem er formannskapet og to er valde av arbeidstakarorganisasjonane. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Dersom eit medlem fell frå eller vert løyst frå vervet, skal kommunestyret velje nytt medlem. Dersom leiaren fell frå eller vert løyst frå vervet, skal kommunestyret velje ny leiar, sjølvom nestleiar er valt.

Arbeidsområde

Utvalet har som hovudarbeidsområde å ivareta personaloppgåver i kommunen. Utvalet skal utføre dei oppgåvene som er pålagt gjennom delegering og etter vedtak i kommunestyret.

Saker det utvalet har vedtaksmynde

Utvalet gjer vedtak innan dei rammer og etter dei retningslinjer som er fastsett i lov, vedtekter i kommunestyret/formannskapet, jamfør personalreglementet og styringsdelen i kommunen si IKT-handbok.

Saker det utvalet har uttalerett

Utvalet har uttalerett i saker som gjeld personalplan, personalbudsjett og nedlegging av stillingsheimlar. Utvalet kan elles uttale seg i alle saker som har eller kan ha innverknad for dei tilsette.

Mindretalsanke

I saker det utvalet har delegert vedtaksmynde, kan tre medlemmer, ordføraren eller rådmannen krevje saka lagt fram for formannskapet. Eit slikt krav må setjast fram i møtet, og skal vert ført inn i protokollen.

F Andre råd

Eldreråd:

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta som gjeld saker som vedkjem eldre i kommunen, skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Leiar i eldrerådet, eller den rådet utpeikar, har møte og talerett i kommunestyret i dei saker som vedkjem eldre i kommunen.

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet skal sikre god brukarmedverknad i høve kommunal tenesteproduksjon og sakshandsaming i politiske organ.

Alle saksdokumenta som gjeld saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen, skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eller den rådet utpeikar, har møte og talerett i kommunestyret i dei saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen.

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

G Delegering til rådmannen

Avgrensingar i fullmaktsreglane i endring av budsjettet

Rådmannen kan ikkje bruke fullmakta til å fordele budsjettmidlar i strid med prioriteringar eller føresetnader frå kommunestyret. Vedtak om omdisponeringar skal vere grunnjevne og refererast for kommunestyret.

Kjøp av varer og tenester

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av varer og tenester innan vedtekne budsjetttrammer innan ei kostnadsramme på kr 1 000 000,- Føresetnader er at godkjent finansieringsplan ligg føre og at gjeldande retningslinjer for kommunale innkjøp vert følgt. Avtalar av ein verdi større enn kr 500 000,- skal skrivast under av ordføraren.

Personalsaker

Kommunen sitt personalreglementet viser rådmannen sine fullmakter.

Saker som gjeld kommunale eigendomar

- 1) Fråfalle kommunal pant for lån for mindre parsellar og fråfalle prioritet når det er liten sjanse for at det fører med seg tapsrisiko for kommunen
- 2) Tildele kommunale husvære
- 3) Søknader om å få slette husleigegjeld
- 4) Tildele bustadtomtar
- 5) Sal av tomtar etter vanlege reglar, her medrekna næringstomtar
- 6) Utleige av kommunale forretningsbygg

Vegtrafikklova av 19.06.65 nr. 4

Rådmannen får fullmakt til å utøve formannskapet sitt mynde etter §4 (trafikkreglar), §5 (skilt), §6 (fartsgrense) og §7 (mellombels forbod mot trafikk på kommunal veg).

Andre saker

- 1) Fordele støtte til politiske parti
- 2) Fordele støtte til trudoms- og livssynssamfunn etter reglar fastsett av departementet
- 3) Inngå avtalar om grunnkjøp så langt dette er naudsynt for å iverksette vedtekne kommunale utbyggingstiltak og ligg innan godkjent kostnadsramme
- 4) Innanfor vedtekne retningslinjer og satsar godkjenne godtgjering og erstatning for tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn
- 5) Tilbod om konsertar og andre framføringar innan budsjetttrammene
- 6) Inntak for sjukeheim, omsorgsbustader og utleigebustader

- 7) Betaling for opphald i institusjon
- 8) Rådmannen får fullmakt til å fastsette betaling for opphald i institusjon m.m. i samsvar med forskrift fastsett av sosialdepartementet
- 9) Rådmannen kan handsame mellombels utsetting av betaling av renter/avdrag for inntil to måneder

IV OVERSIKT MYNDE/DELEGERT MYNDE I HØVE TIL SAKSTYPE OG LOV

A Forklaringar

Denne delen viser korleis mynde i høve sakstypar og lovverket er plassert. Politikarane vedtek retningslinjer og planverk. Administrasjonen forvaltar etter lov, regelverk, kommunale planar og retningslinjer. Klagesaker på administrative vedtak går anten til politisk handsaming i kommunen eller til ekstern faginstans som t.d. fylkeslegen, utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen.

KS	Kommunestyret
FS	Formannskapet
A	Administrasjonsutvalet
R	Rådmannen
Tekn.sjef	Teknisk sjef
Avd.leiar	Leiar i tenesteeining som rektor, styrar, avdelingsleiar pleie og omsorg, barnevern, kommuneoverlege, NAV- leiar og teknisk sjef. Alle delegeringar følgjer den administrative organiseringa Eventuell delegering til andre enn avdelingsleiar vert gjort av rådmannen.
Fylkesm.	Fylkesmannen
DSB	Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap

B Økonomi

- sjå kommunen sitt økonomireglement

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Økonomiplan og budsjett	KS				
Drift innanfor fastsette rammer	R	Avd.leiar			
Investeringar i og vedlikehald av bygg og anlegg jfr. vedtekne rammer	R	Avd.leiar			
Tilvising	R	Avd.leiar			

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Godtgjersle politisk arbeid:					
Reglement	KS				
Utbetaling og praktisering	R				
Fordeling av støtte til politiske parti	R		FS		
Bruk av tilleggsøyvingar	FS		KS		
Tilføring disposisjonsfondet	R				
Låneopptak m.m.:					
Låneopptak/rammer	KS				
Opptak av lån	R				
Utlån:					
Formidlingslån gjennom Husbanken:					
Inntil kr 500.000	R				
Meir enn kr 500.000	FS				
Lån/ tilskot til næringslivet:					
Inntil kr 50.000, tilskot	FS				KS
Inntil kr 100.000 lån	FS				KS
Tilskot:					
Kurante enkeltsaker som gjeld tilskot til kultur-, humanitære- og sosiale føremål:					
Avgjerd om søknader oppfyller reglane for stønad til kulturarbeid	R		FS		
Søknader som oppfyller reglane	R				
Søknader som fell utanfor reglane	FS				
Fordeling av VO midlar til frivillige lag og org., halvårleg etter innstilling frå rektor i kulturskulen	R		FS		

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Godgjersle og opplæring av instuktører i idrettslaga etter Innstilling frå Idrettsrådet	R		FS		
Etableringstilskot:					
Retningsliner	KS				
Praktisering/utbetaling	R				
Trafikksikringskurs:					
Retningsliner	KS				
Praktisering/utbetaling	R				
C Andre saker					
Bustadformidling, retningsliner	KS				
Utleige/oppfølging	R				
Anmelde brotsverk/Straffelova	R/ordførar		FS		
Grunnkjøp innanfor kommunestyret sine budsjettrammer og vedtak som ligg føre	R				
Mynde til å krevje kartforretning for kommunen sine eigedomar og eller opptre som kjøpar/nabo i slike saker	R				
Opptre på vegne av kommunen i grannetilhøve/Grannelova	R				
Mynde til å opptre som kommunen sin representant i jordskiftesaker. Gjeld og mynde til å inngå rettsforlik	Ordførar				
Bruk av kommunevåpenet i kommersiellsamanheng:					
Retningsliner for bruk	KS				
Praktisering	R				

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
D Personalsaker og løn					
Reglement og overordna retningslinjer	KS				
Personalplan (Stillingsheimlar)	KS				
Tilsetting av rådmann	KS				
Andre tilsetjingar:	R	Tilsetn.utv			
-Tilsettingar u. eitt år	R				
- Tilsettingar inntil 6 mnd	R	Avd.l			
- Lærlingar	R				
Permisjonar og personalsaker i samsvar med vedtekne personal reglement	R	Avd.l			
Velferdspermisjonar	R	Avd.l			
Ferie	R	Avd.l			
Omorganisering	R				
Avtaleverket, tingingar og handheving arbeidsgjevarsaker	R				
E Delegering etter særlover					
1. Vallova:					
Val av røystestyre	Valstyret		KS	Valstyret	KS
Val av leiar/nestleiar i Valstyret	Valstyret		KS	Valstyret	KS
2. Alkohollova:					
Sals – og skjenketider	KS				
Tildela skjenkeløyve	KS				
Oppretta ambulerande skjenkeløve	KS				
Inndra sals- og skjenkeløyve	KS				
Tildela skjenkeløyve for einskildhøve § 4-5, §1-6,3. ledd	R		FS		Fylkesm.

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Dispensasjon frå sals – og skjenketider- einskildhøve	R				Fylkesm.
Godkjenna skjenkestyrar og vararepresentant	R				Fylkesm.
3. Lov om serveringsstader:					
Godkjenna styrar og vara- representant ved serverings- og overnattingsverksemd	R				Fylkesm.
Godkjenning av serveringsstader	R				Fylkesm.
4. Lov om handelsverksemd:					
Forskrifter til lova	KS				
Enkeltvedtak etter lova og vedtak etter kommunale forskrifter	R		FS		
5. Lov om opningstider:					
K-sak 13.02.98: Løyve til å halda ope sun- og helgedagar mellom kl 14.00 og 19.00:					
- I samband med tilskipingar i bygda som har ålmenn interesse	R				
- I samband med julehandelen	R				
6. Opplæringslova:					
Kommunale planar og retningslinjer	KS				
Rammetimetalet	KS				
Opptak av barn i skulen	R	Avd.1			Fylkesm.
Utskriving av barn	R	Avd.1			Fylkesm.
Godkjenning av ordensreglement*	R	Avd.1			Fylkesm.
Fritak for karaktervurdering - klager	R	Avd.1			Fylkesm.
Utplassering i yrkeslivet	R	Avd.1			Fylkesm.
Skuleruta*	R	Avd.1			
Elevpermisjonar inntil 2 veker	R	Avd.1			

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Spesialunderv.tiltak /enkeltiltak	R	Avd.l			Fylkesm.
Skuleskyss, enkeltvedtak	R	Avd.l		FS	Fylkesm.
Tilskot etter Lov om vaksenopplæring	R				
* I disse to punkta må FAU vere aktive i avgjerdsprosessen					
7. Barnehagelova:					
Kommunale planar og retningsliner	KS				
Godkjenning av barnehage	R				Fylkesm.
Pålegg om utbetringar	R		FS		Fylkesm.
Pålegg om stenging av barnehage	R		FS		Fylkesm.
Opptak av barn i barnehagen	R	Avd.l		FS	Fylkesm.
8. Helse- og omsorgstenestelova					
Kommunale planar og retningsliner	KS				
Tildele pleie – og omsorgstenester	R	Avd.l			Fylkesm.
Praktisk bistand/Oplæring:	R	Avd.l			Fylkesm.
- Stell av hus	R	Avd.l			Fylkesm.
- Stell av klær	R	Avd.l			Fylkesm.
- Mathald	R	Avd.l			Fylkesm.
- Andre ting i kvardag	R	Avd.l			Fylkesm.
Avlastning					
- I eigen heim	R	Avd.l			Fylkesm.
- I institusjon	R	Avd.l			Fylkesm.
- I avlastarheim	R	Avd.l			Fylkesm.
BPA – brukarstyrt pers. assistanse	R	Avd.l			Fylkesm.
Støttekontakt	R	Avd.l			Fylkesm.
Fritak for eigenbetaling innafor vedtekne retningsliner	R	Avd.l			Fylkesm.
Fastsetje omsorgsløn	R	Avd.l			Fylkesm.

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Klage på tenesta	R				Fylkesm.
Tildele hjelp/opplæring	R	Avd.l			Fylkesm.
- Personleg hygiene	R	Avd.l			Fylkesm.
- Sjukepleiefaglege behov	R	Avd.l			Fylkesm.
- Legemiddelhandtering	R	Avd.l			Fylkesm.
- Rehabilitering/habiliering	R	Avd.l			Fylkesm.
Sjukeheim					
- Langtidsplass	R	Innt.råd			Fylkesm.
- Korttidsplass	R	Innt.råd			Fylkesm.
Eigenbetaling institusjon	R	Avd.l			Fylkesm.
Tekniske hjelpemiddel	R	Avd.l			
Kommunale tiltak utan lovheimel, etablering av ordning	KS				
Tryggleiksalarm	R	Avd.l			
Omsorgsbustad	R	Avd.l		FS	
Matombringing	R	Avd.l			
9. Lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltninga					
Satsar og retningslinjer -sosiale ytingar og økonomisk sosialhjelp	KS				
- inntil kr 20.000	R	Avd.l			Fylkesm.
- inntil kr 50.000	R	Avd.l			
Tap og avskrivning sosiallån:					
- inntil kr 50.000	R	Avd.l			
- meir enn kr 50.000	R				
10. Folkehelselova:					
Kommunale planar og retningslinjer	KS				
Oversikt over kommunen sine helse utfordringer	KS				
Tiltak for å redusere folkehelse utfordringer og ulikheiter i helse	R				
Miljøretta helsevern	R	Avd.l			Fylkesm.

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
Pålegg konsekvensutgreiing	R	Avd.l			Fylkesm.
Pålegg om å gje opplysningar	R	Avd.l			Fylkesm.
Ta avgjerd om gransking av eigedom el. verksemd	R	Avd.l			Fylkesm.
Pålegg til verksemdar el. grunneigar om å letta på tilhøve som kan ha negativ verknad for helsa, eller som er i strid med lova	R	Avd.l			Fylkesm.
Pålegg om stansing av verksemd ved overhengande fare for helseskade	R	Avd.l			Fylkesm.
Pålegg om tiltak for å hindra el. avgrensa smittsame sjukdomar -	R	Avd.l			Fylkesm.
Beredskap					
- Utarbeide beredskapsplan Helseberedskapslova §2-1	KS				Fylkesm.
11. Barnevernlova:					
Kommunale planar og retningsliner	KS				
Utføre dei oppgåver som er lagt til kommunen i barnevernsaker - § 2-1	R	Avd.l			Fylkes- nemnda
12. Røykelova:					
Enkeltvedtak etter lova	R		FS	FS	
For lovverket nemnt under pkt. 13 til pkt. 21:					
Kommunale planar og retningsliner	KS				
13. Landbruk:					
Vedtak om tilskot etter jordbruksavtalen	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
Avløysartilskot	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
14. Konesjonslova:					
Gje konsesjon når dette er lagt til kommunen	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
Gje uttale i konsesjonssaker	R	Tekn.sjef	FS		
Tilråding/vedtak om bu og driveplikt	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
Stadfesta om vilkåra for konsesjons-fridom er til stades - § 5	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
15. Jordlova:					
Vedtak om deling av grunneigedom	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
Omdisponering av jord når avgjerda er lagt til kommunen.	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
16. Forpaktingslova:					
Vedtak om forpaktingsavtale og om skjønn	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
17. Odelslova:					
Gje uttale og gjere vedtak om bu og driveplikt	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
18. Skoglova:					
Avgjerd om forvaltningssaker etter skoglova – kurante saker	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
19. Viltlova:					
Avgjerd i prinsipielle forvaltningssaker	KS	TU	FS	FS	Fylkesm.
Tildeling av fellingsløyve	KS	TU	FS	FS	Fylkesm.
Gje uttale i saker	KS	TU	FS		
Kurante saker	R	Tekn.sjef	TU	FS	Fylkesm.

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
20. Lov om laks- og innlandsfisk:					
Uttale i saker og avgjerd i forvaltnings-saker etter lova.	R	Tekn.sjef	TU	TU	
21. Lov om motorferdsel i utmark:					
Løyve etter §6 i lova	R	Tekn.sjef	FS	FS	Fylkesm.
22. Plan – og bygningslova:					
Kommuneplanen, kommunedelplan, kommune områdeplanar/vegplanar og prinsipielle saker etter Plan og bygn.lova	KS	Innstill frå FS			Fylkesm.
Oreigningssaker	KS			KS	Fylkesm.
Private vegplanar, §12.11	KS	Innstill Frå TU			
Mindre endringar i vedtekne reuleringsplanar § 12-14	R				
Gjere enkeltvedtak etter lova i saker som ikkje er prinsipielle (byggesaker mv)	R	Tekn.sjef	TU	FS	Fylkesm.
Fastsetting av gebyrregulativ §109	KS				Fylkesm.
23. Forureiningslova:					
Gjere vedtak i prinsipielle saker	KS				Fylkesm.
Enkeltvedtak om gebyr	R	Tekn.sjef		FS	
Gjere enkeltvedtak etter lova i saker som ikkje er prinsipielle	R	Tekn.sjef		FS	Fylkesm.
Unntak :					
Vedtak om forskrift - §9.	KS				
Vedtak om innløyising – §17.	KS				
Avfallsplan - §33a.	KS				
Fastsetjing av gebyrregulativ - §34	KS				

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
24. Lov om eigedsregistrering (Matrikkelova):					
Fastsetjing av gebyrregulativ	KS				
Enkeltvedtak om gebyr	R			FS	FS
Kommunen sine plikter som oppmålingsstyremakt	R			F	Fylkesm.
Ansvar for matrikkel –registeret	R			FS	Fylkesm.
Tildeling av offisielle adresser	R			FS	Fylkesm.
Retting av matrikkelen	R	Tekn.sjef	TU	FS	Fylkesm.
25. Lov om eigarseksjonar:	R				
Enkeltvedtak etter lova	R		FS	FS	Fylkesm.
26. Lov om stadnamn:					
Vedtak om val og skrivemøte av offisiell adresse, plannamn og namn på kommunale eigendomar §5	KS				Eiga statl. klagenemnd
Endringar av kommunalt vedtekne namn §7	KS				
Unntak:					
Endring av dekkingsområde for namnet	R				
Endring skrivemåte pga. nye opplysn	FS				
Klage på kommunale vedtak	FS				
Andre høve §6, §9, §10 og §12	R				
Uttale til namnevedtak der organ utanfor kommunen gjer vedtak	R				
Høyringsinstans i høve til nasjonale tiltak	R				
27. Friluftsløva:					
Enkeltvedtak etter lova	R		TU	TU	Fylkesm.

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
28. Brann- og eksplosjonsvernlova:					
Gjere vedtak i prinsipielle saker/ brannordning	KS			KS	DSB
Tenesteplikt i brannvern §17	KS				
Fastsetting av gebyrregulativ	KS				
Gjere enkeltvedtak etter lova i saker som ikkje er prinsipielle	R	Brannsjef	FS	FS	DSB
Unntak:					
Brannordning §9	KS				
Feieavgift §28 - Vederlag for skade §29	KS				
29. Veglova:					
Vegstyresmakt for kommunale vegar i saker som kan reknast om kurante.	R	Tekn.sjef	FS	FS	
Vegstyresmakt i prinsipielle saker	FS				
Uttale i vegsaker som gjeld fylkesvegar (avkjørselsøyve)	R	Tekn.sjef	FS		
30. Vegtrafikklova:					
Skiltstyresmakt	R	Tekn.sjef			
31. Lov om kommunale vass- og kloakkgebyr:					
Gjere vedtak i prinsipielle saker	KS				
Unntak: Gjere vedtak om gebyrregulativ	KS				
Gjere enkeltvedtak etter lova i saker som ikkje er prinsipielle	R	Tekn.sjef	TU	FS	Fylkesm.
Enkeltvedtak om gebyr	R	Tekn.sjef	FS	FS	FS *
*Ikkje klagerett på vedtak som følgjer av gebyrregulativ					

Sakstype/Lov	Vedtaks- mynde	Vidare- delegert	Møte- bok til	Underinstans §28 i fvl.	Klage- instans §28 i fvl.
32. Lov om hamner og farvatn:					
Gje uttale til saker som Kystdirektoratet, Kystverket eller Bergen og Omland hamnevesen tek avgjerder i	R	Tekn.sjef			
33. Lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd:					
Ta avgjerd dersom like nære etterlatte ikkje vert samde om kven som skal syte for gravferda	R				Ikkje klagerett

